

ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG

ÅR: 2014



17. mai 1950 (1951?)

I pur glede over at krigen var slutt gjekk 17. mai-toget nokre år heile vegen rundt bygda om Giskemo. Fremst i toget går Ørskog hornmusikk og rundar her svingen ved ungdomshuset "Fossheim" Årstalet er truleg 1950 eller 1951. Dei fire i fremste rekke er frå venstre Ole Ringset, Oddmund Lid, Leif Nybø og Peder Lande som var leiar for korpset. I rada bak Peder ser vi Olav Barlindhaug, Petter Solnørdal, Oddbjørn Lande og Torgeir Stene. Av andre vi kjenner att er Paul Klock, Karsten Os, Ivar Gjære, Leiv Reite (12 år gamal), Paul Mathiesen, Petter og Paul Tomren og Tore Jostein Sjøholtstrand. Fotograf var Ragnvald Seberg.
(Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.)





SYNFARING «DEN TRONDHJEMSKE POSTVEI» 19. NOV. 2014
RAGNAR BAKKEN og JAN LANDE frå ØH. KJERSTI DAHL OG SIV AKSDAL frå
Fylkeskommunen

FOTO: GEIR HAUGLI (deltakar på synfaringa)



BYGDEVANDRING 25. mai 2014 Valgermo – Giskemo – Vallbøane.

Her frå Pettergarden på Giskemo



Å R S M E L D I N G F O R Ø R S K O G H I S T O R I E L A G Å R: 2 0 1 4

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta i 1985. Dato for skipingsmøtet var 16. april 1985.

§1 i laget sine lover lyder:

Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.

Dette kan gjerast ved:

a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.

c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde på Kyrkjetoget 5. mars 2014.

16 personar var til stades.

Årsmeldinga for 2013 og rekneskapen for 2013 vart godkjende utan merknader.

Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda. Husstyret og aktivitets-/museumsnemnda vart slegne saman. Namnet vart seinare vedteke av styret til Paktarhusnemnda.

Valnemnd var: Åse Karin Gjære, Karen Simonnes Aanes og Egil Vestre.

Årsmøtet drøfta Paktarhuset si framtid. Styret si tilråding vart vedteken mot 3 røyster. ØH held fram som eigar og vil halde huset vedlike. ØH vil nytte huset til eit «minimuseum» for laget sine eigelutar og halde oppe hus ein gong for året. ØH sine opne møte vert andre stader m.a. Kyrkjetoget Arbeidsoppgåver for år 2014 vart drøfta og ulike prosjekt vart prioriterte.

Årspengane for år 2015 vart auka med 25 kr til 275 kr. Kaffi/te og kaker undervegs i møtet.

Etter vala på årsmøtet og seinare konstituering, har styret vore samansett slik:

Styret:

- | | |
|------------------------|--|
| - Grethe Leikny Gjerde | leiar |
| - Karen Simonnes Aanes | nestleiar |
| - Ragnar Bakken | skrivar |
| - Jarle Erstad | kasserar |
| - Jorunn Giskemo | styremedlem |
| - Egil Vestre | 1.varamedlem – har møtt ofte på styremøta. |
| - Eldbjørg Braute | 2.varamedlem |
| - Kristin Torine Amdam | 3.varamedlem |

Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:

- Teknisk utval: 5 medlemmer – leiar Jan Petter Aasen.
- Skriftnemnd: 6 medlemmer – leiar ikkje vald leiar for 2014.
- Paktarhusnemnda: 5 medlemmer – leiar Ove Eide.

I 2001 vart det vedteke retningslinjer for arbeidet i nemndene. Desse vart av styret gjennomgått, oppdaterte og endra i høve ny nemnd Paktarhusnemnda - 2014.

- Fotoregistrering: 4 medlemmer – leiar Ole Øystein Nybø.
- Kalenderkomite for 2015: Asgeir Kvernberg - Tore P. Gjære – valde av styret. Jf. notat nedanfor.
- Postvegneemnda: 5 medlemmer – leiar Jan A. Lande.
- Revisorar: Kolbjørn Gjære – Olav Kjetil Sjøholt.
- Valnemnd for 2014: Åse Karin Gjære (leiar) – Petter Sjøholt – Aud Kongsnes.

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt sju (7) møte:

9. april – 30. april - 11. juni – 18. august – 30. september - 27. oktober – 14. januar.

Styret har handsama 78 (48) protokollerte saker.

Medlemstalet i 2014: 240 inkl. to verksemdar – jf. årsskriftet for 2014.

Dette er ein netto auke på 9 frå 2013.

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 9. april 2014 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedteke. 11 personar var til stades på dette møtet.

Frå styreprotokollen tek vi med i stikkords form dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret.
- ✓ Kveldsetene – oppsett av tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring – endra møtestad.
- ✓ Rekneskapsføring m.m. Kjøp av ryddesager.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering av oppgåvene.
- ✓ Ørskogdagane – førebuing av deltaking – eigen stand 24. mai 2014.
- ✓ Ørskogkalenderen – samarbeid med Ørskog Rotary. Kalender for 2015!
- ✓ Paktarhuset – drøftingar etter vedtaket på årsmøtet. Tilskot frå Fylkeskommunen 35.000.
- ✓ Paktarhuset – måling – vedlikehaldsarbeid – rydding – arkivering m.m. Fleire saker.
- ✓ Bygdevandring – Valgermo – Giskemo – Vallbøane – 25. mai 2014.
- ✓ Medlemsverving – jf. Ørskogdagen. Auka medlemstalet!
- ✓ Nettsida Ørskog Historielag.
- ✓ Revidering av retningslinjer for nemnder og utval – jf. Paktarhusnemnda.
- ✓ Løa på Langskipsøya – restaurering jf. Storfjordens Venner.
- ✓ Opprusting av Postvegen – tilskot – framdrift m.m. Orienteringar – planlegging.
- ✓ Opning av parsell av Postvegen – 31. august 2014. Myrløken – Haugsætra.
- ✓ Kjøp av nytt høgtalaranlegg.
- ✓ Postveg marsjen 2014 - 14. sept. Førearbeid – gjennomføring.
- ✓ Kulturminnedagen – ope Paktarhus – utstilling – orientering.
- ✓ Postvegen over Ørskogfjellet siste – del – drøftingar – synfaring 19.11.14.
- ✓ Kvelvingsbru Svartløkkelva – synfaring – status – framdrift.
- ✓ Gardsmuseum Solnørdalen.
- ✓ Årsskrift 2014.
- ✓ Rodestein Jokumrenna
- ✓ Registeringssystem gjenstander Paktarhuset – system – framdrift.
- ✓ Årsmøte 2015 – førebuing.
- ✓ Bygdevandring 2015 – planlegging.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank (5.000) og Ørskog kommune (3.000). Jf. rekneskap 2014.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Arbeidet i nemndene – rapportar – sammøte.
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ Øvste Tverrelvbrua – restaurering. Opning – dette vart utsett.
- ✓ Fleire av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.
- ✓ **Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemnder og utval – der vi tek**

med:

- ✓ Årsskriftet for 2014 og 2015.
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet – avskrift kyrkjebøkene – registrering av gamle bilete.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Synfaringar Tilskot. Dugnad. Skilt.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid. Mykje er gjort. Leiar med på fleire møte i styret.
- ✓ Arbeidet – oppgaver for teknisk utval.

Ørskogkalenderen:

Ørskog Historielag saman med Ørskog Rotary har sidan 1995 årleg gjeve ut ein kalender – med biletmotiv frå Ørskog. Mange av bileta har vore av eldre dato.

Frå 2001: Laga har hatt ansvaret for utgjevinga annakvart år. Ørskog Historielag for 2002.

Kalenderen for 2014 skulle Ørskog Rotary ha ansvaret for.

Ørskog Sparebank har kvart år kjøpt ein stor del av opplaget til utdeling til husstandar i Ørskog.

Ørskog sparebank tok så «pause» i samarbeidet og ville gje ut eigen kalender for 2014. Biletmotiva skulle vere naturbilete frå Ørskog. Dette vart det ikkje noko av.

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary fekk i 2014 samarbeidet i gang att. Økonomien vart sikra gjennom sponing frå fleire verksemdar. Dette ga grunnlaget for at ei felles nemnd fekk ansvaret for å få på plass ein kalender for 2015. Dette lukkast. Alle husstandar har fått eitt eksemplar.

Kalenderen er elles til sals. Målsetjing: Dette skal bi eit årvisst samarbeid vidare!

Kveldseter/bygdevandringar: Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene vore avvikla med desse **9 temaene**: Tal frammøtte i ().

- 5. februar 2014 Gamle bilete frå Ørskog (48) Ole Øystein Nybø
- 2. april 2014 Frå kyrkjebøkene 1720 – 1800 (29) Ole Øystein Nybø
- 7. mai 2014 200-års reisa 1814 – 2014 (29) Ragnar Bakken
- 25. mai 2014 Bygdevandring Valgermo – Giskemo – Vallbøane (62) Tore Gjære m.fl.
- 3. september 2014 Fylkesfotoarkivet (20) Ragnar Albertsen
- 1. oktober 2014 Tyssa under krigen 1940-45 (40) Johan Daae Quale
- 5. november 2014 Store-Rasmus (21) Einar Landmark
- 3. desember 2014 Presentasjon av årsskriftet 2014 (22) Bjørn Steinar Skarbø m.fl.
- 4. februar 2015 Gamle og litt nyare bilete frå Ørskog (41) Ole Øystein Nybø

Det er så langt planlagt kveldsete 15. april (Ørskog Historielag 30 år) og 6. mai (Gardsmuseum Solnørdalen). Bygdevandring i juni 2015 – (Apalset – Steinane). Årsmøte 4. mars 2015.

For hausten 2015 er tema for kveldsetene ikkje fastlagde.

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 finn vi på laget si heimeside:

www.orskog.historielag.org

Paktarhusnemnda – frå arbeidet til paktarhusnemnda tek vi med:

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) - Leidulv Reite – Kåre Myren – Arve Ørskog – Magnhild Schmidiger.
- ✓ Nyskipa nemnd – husstyret og aktivitets-museumsnemnda vart slegne saman på sist årsmøte

Leiar for nemnda har levert denne rapporten:

Aktivitet i 2014:

-Vi har hatt nokre formelle og nokre uformelle møte og samlinger.

-I januar var vi med og bar ved til toppen av Liafjellet, med tanke på vetebrenning i samband med grunnlovsjubileet. Pga. snømangel og tørke, kunne det ikkje gjennomførast denne gongen.

-I samband med flyttinga av Ørskog Folkebibliotek, gjennomgjekk vi utsorterte bøker. Vi tok vare på ein del historisk litteratur, som no står på Paktarhus-biblioteket. Vi tok også over ein del reolar, som no er montert på Paktarhuset.

-Vi har fått utført ein del viktig vedlikehaldsarbeid på Paktarhuset. Særleg gjeld det i tilknytning til hovudinngangen og bislags-inngangen. Det har også blitt utført ein god del rydding og reingjering.

-Det er gjort klart for ei gjenstandssamling på eit eige rom på Paktarhuset. Det står att mykje arbeid med registrering, merking m.m.

-Vi deltok i dugnaden på Postvegen tidleg i september i forkant av Postvegmarsjen.

-Vi hjelpte til med monteringa av «smiegjengen» sin flotte portal på Elvastien.

-Vi deltok i arrangeringa av Postvegmarsjen. Same dag hadde vi, saman med gode hjelparar, ope hus på Paktarhuset og smia. Vi serverte kaffi og forfriskingar og besøket var bra.

-Vi berga ein del historisk materiale frå gamle-rådhuset. Det omfatta diverse bøker, protokollar, bilete, samt fleire kasser med amts- og fylkestings-årbøker tilbake til 1862. Vi tok også over restpartiet av Ørskogboka frå 1987.

-Vi har målt opp, og laga planteikningar av alle tre høgdene i Paktarhuset.

-28. desember, om kvelden, brende 3 mann frå Paktarhusnemnda og teknisk utval bål om lag der den gamle veteplassen var på Liafjellet. Tiltaket skjedde samstundes som andre lag gjorde det same på Verahornet og Grynykjen. Dette markerte avslutninga på 200-årsmarkeringa for grunnlova. Dessverre var veret ikkje på vår side.

Skriftnemnda – frå arbeidet i nemnda tek vi med:

- ✓ Medlemmer: Grethe Leikny Gjerde - Bjørn Steinar Skarbø – Øyvin Danielsen – Turid Valbø Haddal – May-Sissel Osvik – Karin Årdal – Odd Saure.
- ✓ Nemnda har gjennom året arbeidd med årsskrift for 2014.

Skriftnemnda har levert denne rapporten for 2014:

Årsmelding frå Skriftnemnda 2014

Medlemmer i skriftnemnda har vore Øyvin Danielsen, Turid Valbø Haddal, Karin Årdal, May Sissel R. Osvik, Odd Saure og Bjørn Steinar Skarbø. Det vart ikkje valt nokon leiar på førre årsmøte. Det vart sagt at nemnda kunne ordne dette på eiga hand. Dette er ikkje gjort, og vi har i grunnen klart oss bra utan leiar.

Skriftstyret har hatt rundt seks-sju møte pluss nokre arbeidsøkter i sluttfasen og distribueringsfasen. Møtestaden har vore Gamlebanken.

Også dette året har vi hatt godt om stoff; ja så stort var tilfanget at vi kunne gje ut eit årsskrift vesentleg større enn dei fleste åra tidlegare. Kanskje alle. Det har vore stor velvilje hos dei vi har spurt om å bidra, og det er dei som tilbyr stoff på eige initiativ. Noko vi er spesielt glad for.

Annonsane til årsskriftet gjekk det også i år greit å få inn, og vi er svært takksame for at næringslivet i Ørskog støttar årsskriftet på denne måten.

Hovudtemaet i år har vore 200 års jubileet for Grunnlova. Her har vi fått høve til å skildre hendingane før, under og etter lova. Dette med utgangspunkt i Ørskog. Både dei som måtte i krigen mellom 1807 og 1814 og Nicolai Wergeland med slektsband til Ørskog. Han var ein av dei sentrale i prosessen med å arbeide fram grunnlova. Ein annan representant var vår eigen "eidsvollsmann" Elling Valbø som og har sin naturlege plass i heftet.


Vi har også ei skildring av offentleg lokalstyre gjennom åra fram til vår tid med spesiell vekt på

”storkommunetida 1965 – 76 og opning mot den komande prosessen med kommunestrukturen i spel på ny.

Vi er ikkje minst glad for artikkelen om ”telefondamene”, ei svært viktig historie å få fortalt. Det same gjeld mindre artiklar to av dei som dreiv mindre verksemdar i Ørskog i si tid, Oddmund Aurdal og Ole Lukkedal.

Viktig er det også å presentere to kunstnarar i bygda. Billedkunstnar Liv Dyste Sønderland og prologforfattar Klara Harstad.

Elles viser vi til innhaldslista som ein finn nedafor; og heftet, naturlegvis.



**Framsida av årsskriftet 2014.
Med bilete av Rolv Amdam.**

Innholdsliste for årsskriftet i 2014

Aprikos, bløming og fruktutvikling av Rolv Amdam
Rolv Amdam: Historieskrivar og historieforteljar av Rolv Petter Amdam
Oversyn over kulturhistorisk skriftleg arbeid frå Rolv Amdam
Sjøholt telegraf og rikstelefonstasjon: Ein kvinnearbeidsplass i 96 år av Karin Årdal
74 år gamle minne av Inge Osvik ("Kranfartøy II" ved Oscarsborg)
Nicolai Wergeland: Framstående eidsvollsmann med morfar frå Ørskog av Einar Landmark
Ørskog kommune: Ei reise gjennom 200 år med skiftande "ektefellar" av Ragnar Bakken
"Minne um dei ørskogmenn som i 1807 - 14 vakta Noregs fridom" Av Tore Gjære
Ein kunstnar i bygda. Portrett av Liv Dysthe Sønderland av Øyvind Danielsen
Ole Lukkedal radio og sykkelforretning av Karin Årdal
Oddmund Aurdals installasjonsfirma av Karin Årdal
Løa på Langskipsøya av Ove Eide
Prologforfattar Klara Harstad av Bjørn Steinar Skarbø
Maskinveita opp i Gjære av Tore Gjære
Elling Olsen Valbø: Eidsvollsmannen frå Ørskog av Harald Kjølås
Opphavet til Wensell-slekta på Sjøholt av Einar Landmark
Handelsreisande-fartøyet "Stordalen" av Per Kåre Lukkedal
Nyopning av Postvegen i Réset på Ørskogfjellet av Tore Gjære
Bakar-Ludvig (Storskøyeren på Sjøholt), intervju i Sunnmørsposten
Perler frå fotoarkivet, Ole Øystein Nybø
"Til Ole Øystein", prolog av Reidun Klock Tjervåg
Hendingar i året som har gått

Også i år har vi brukt Hatlehols trykkeri i Brattvåg. Eter tilråding frå dei, valde vi denne gongen å endre til eit litt større format. Storleiken vart nytta til å bruke noko større bokstavtype med litt større "luft" imellom. Dette for å gjere det meir lesevennleg. Noko er også teke ut i større illustrasjonar. Resultatet synes vi er eit meir tiltalende hefte, noko vi også har fått fleire tilbakemeldingar om.

Årsskrift 2014, hefte nr. 24, kom ut med 240 sider mellom stive permar der eit bilete av Rolv Amdam prydar framsida. I heftet er det både ein artikkel han har skrive om aprikosdyrking, ein artikkel om Rolv - skriven av sonen Rolv Petter - og et oversyn over skriftleg arbeid Rolv har laga opp gjennom åra. Hovudsakleg etter han vart pensjonist.

På baksida har vi årets Ørskogpris-vinnar, Ørskog Bygdekvinneleg.

Presseomtale av årsskriftet har vi fått i Sunnmørsposten, Bygdebladet og Nytt i Uka. I all hovudsak må vi seie det er svært positive omtalar.

Vi er glade for at årsskriftet vert lagt merke til og godt motteke mellom laget sine medlemmer og andre som kvart år sikrar seg eit eksemplar. For 2014 er inntrykket at eterspurnaden har vore større enn tidlegare. Ulempa er at lista no er lagt såpass høgt at det krev skjerpa innsats for å "klare høgda" dei komande åra.

Teknisk utval – arbeidet i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Jan Petter Aasen** (leiar) – Svein Barlindhaug - Steinar Leganger – Børre Tennfjord – Terje Haaheim.

Vi tek med nemnda sin eigen rapport om arbeidet dette året:

Gjeremål i året 2014:

Mai Historielaget deltok som vanleg på Ørskogdagane med oppstart av Lokomobilen som den store "attraksjonen". Anfinn Hanestadhaugen var "leiande" fyrbøtar med hjelp frå medlemane i teknisk komite.

Vi heldt kjelen varm og svinghjulet i gong i omlag 4,5 timar i strekk og før vedlageret tok slutt. Stor interesse for framsyninga.


- Juni Det vart innmeld ein otte for tilstanden på kvelvingsbrua på Løken. Jan Petter gjennomførte ein synfaring på staden. Situasjonen er ikkje særleg prekær. Det manglar rett nok toppstein på begge endar av brua, men elles er den i rimeleg god stand. Børre hadde i oktober ein ny runde og kunne då også konstatere det same som Jan Petter rapporterte. Det er såleis ikkje mykje som skal til for å vøle brua, men den er ikkje i ferd med å kollapse.
- Ein har også seinare hatt besøk frå Trøndelag i samband med fagleg bistand til eventuelle tiltak på nemnde kvelvingsbru. Det er meininga at vi skal få skriftleg melding om kva som er naudsynt/påkrevd arbeid og eit kostnadsoverslag på arbeidet.
- Det vart gjennomført synfaring på Ørskogfossen kraftstasjon saman med representantar frå Ørskog Energi AS. Noko arbeid er naudsynt å gjennomføre og det må hentast inn pris på arbeidet. Elling Ødegaard har i etterkant av synfaringa utbetra det mest naudsynte no i haust og gått gjennom aktuelle tiltak saman med energiselskapet. Det er meininga å halde fram med vølingsarbeidet på nyåret 2015.
- September Før Postveg marsjen tok til, rydda vi smia på Prestegarden for rusk og rask, slik at vi kunne syne den fram til turgåarar og andre interesserte. "Himmelporten" på Elvastien vart sett opp og teke i bruk i samband med denne marsjen. Ein del folk tok turen til smia for å sjå korleis den var sett i stand og synte elles interesse for kva som er naudsynt utstyr i det å drive ein slik arbeidsplass. Saman med Storfjordens venner og grunneigarar frå Tøsse, var Historielaget representert på Langskipsøya for synfaring av den attståande løa på øya. Den felles tanken mellom dei framkomte er at bygget må vølast og takast vare på for ettertida. Ein tek tak i vølingsprosjektet så snart som mogeleg i åra frametter. Ein var einig om å iverksette tiltak for å berge løa frå å ramle saman komande vinter.
- Desember Den 28 denne månaden var tre av Historielaget sine medlemmer på plass for å tenne varden. Veden var allereie utplassert ved eit tidlegare høve. Eit rette ufyseleg ver med nær på ingen sikt, gjorde markeringa vanskeleg. Svært få fikk auge på lyset frå bålet. Dei som var med var Jan Petter, Ove og Svein Elling.
- Utover hausten er det arbeida med vøling av dei attelatne trefigurane frå Jørund Amdam. Teknisk komite har vore hjelpsam med noko av dette arbeidet og Jan Petter har laga hattar til figurane som Terje seinare skal måle. I tillegg er det planlagt reparasjon av Veltepetter inkludert nymåling.

Fotoregistreringsgruppa:

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog. **Ole Øystein Nybø** har vore leiar i gruppa også siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Gunnveig Skilbrei, Tore P. Gjære og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert no gjort direkte på Internett.

Fotoregistrering 2014 – notat ved Ole Øystein Nybø:

Samlinga vår av gamle bilete frå Ørskog veks stadig. Ikkje dei store spranga år om anna, men i staden for mengda strevar vi i heller for å skaffe mest mogeleg informasjon omkring kvart enkelt. Eit bilete utan tekst til kan sjølvstundt vere av interesse, men med namn på personar, årstal og gjerne historia rundt veks verdien av det monaleg. Pr. dato finn vi dei 1360 bileta, som til no er registret, lagt ut på internettet og er søkbare på adressa Fylkesfoto.no I tillegg så har vi for tida om lag 130 nye bilete som vi arbeidar med tekst til.



Fotograf: Axel Lindahl Datering: 1870-åra Motiv: Personar i Prestefjæra. Eigar: Ørskog Historielag

Digitaliseringa av kyrkjebøkene – notat ved Ole Øystein Nybø:

Arbeidet med å skrive av dei gamle kyrkjebøkene for Ørskog prestegjeld går sin gang. Det er verre med å få det lagt ut på internett på Digitalarkivet. Vi hadde eit håp i fjor om at det vi då sendte inn skulle verte lagt ut i løpet av det året, men det skjedde dessverre ikkje. Vi får stadig vere optimistar og håpe at det skjer dette året då i alle fall. Om det skjer så vil alle innføringane i kyrkjebøkene frå 1720 fram til 1852 vere søkbare der. Døypte 1852-1862 er alt søkbar. Resten av den boka og boka frå 1863 til 1877 er under arbeid med tyding og avskrivning. Dei to aller eldste bøkene frå 1720 og fram til 1759 omfattar i tillegg til Ørskog og Sykkylven også sokna Stranda, Stordal som fram til då hørde inn under Ørskog prestegjeld. Sykkylven hadde felles bok med Ørskog heilt fram til 1877, så alle desse sokna vil og verte søkbare på den same databasen.

Ole Øystein Nybø er primus motor i dette arbeidet. Fleire medhjelparar tek del i korrekturlesinga! Vi kan nytte oss av arbeidet ved å gå inn på nettstaden til Digitalarkivet <http://www.digitalarkivet.no>

Postvegneemnda - «Den Trondhjemske Postvei» – eiga nemnd: Jan Lande (leiar), Elling Ødegård, Kristian Tøsse, Kjell Sletta og Rolf Hatlen.

Nemnda v/leiar har levert denne rapporten:

ÅRSMELDING 2014 POSTVEGNEMNDA ØRSKOG HISTORIELAG

Postvegen frå Myrløken til Haugsetra er no opprusta til god turvegstandard. Arbeidet vart utført av Braute Maskin i tidsrommet 12/2 – 14/3 2014, og vi er særst nøgde med resultatet.

28.mai var det samarbeidsmøte om Den Trondhjemske Postvei med deltakarar frå Friluftsrådet, Historielaget, Ørskog Kommune, Statens vegvesen historiske avd. og Nordre Sunnmøre Landbrukskontor.

12.juni: Tore Gjære og leiar sette opp skilt ved kvelvingsbrua over Svartløkelva, tekst «Kulturminne 1895»

19.juni var vi på synfaring på Myrløken. Til stades var Wiggo Kanck, Kjell Rotmo og Åsmund Karlgård (steinspesialistar frå Verdal) samt leiar i nemnda.

Sak: Vurdere kostnadar knytta til eventuelle steinkister i staden for rør til vassføringa i elva.

31.august var det offisiell opning av strekninga med snorklipping og informasjon om Postvegen av Tore Gjære. Leiar i nemnda orienterte om det utførte arbeidet.

23.oktober vart det halde synfaring ved kvelvingsbrua over Svartløkelva. Til stades var Jan Petter Åsen, Tore Gjære, leiar i Postvegneemnda Jan A. Lande og Kjell Rotmo og Åsmund Karlgård frå Verdal. Dei to sistnemnde utarbeider rapport og kostnadoverslag.

19.november vart det halde synfaring av Postvegen, strekninga Haugsetra – Bythaugen. Kjersti Dahl og Liv Aksdal frå Fylkeskommunen, Geir Haugli frå Friluftsrådet samt Ragnar Bakken og underteikna frå Ørskog Historielag. Det er bestilt 5 skilt med tekst «Den Trondhjemske Postveg 1786» hjå A2G Profilering A/S i Bergen. Ryddesag vert kjøpt hjå Sjøholt Maskin når denne kjem

på lager ved påsketider. Frivilligsentralen har fått laga tre grønne retningskilt med tekst Postveg, desse er teke imot av leiar og vert å sette opp samstundes med bestilte skilt.



31.august 2014

OPNING AV RESTAURERT PARSELL POSTVEGEN: MYRLØKEN – HAUGSÆTRA

Postvegmarsjen vart arrangert for 11. gong 14. september 2014. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L., Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag..

Nettsider Ørskog historielag: Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære (innhald) og Øyvind L.Gjære (utforming). Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: www.orskog.historielag.org
Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.

Olav Oksvik - stiftinga: Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet har starta. Her trengst frivillige! Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Stiftinga arrangerte «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus. Norsk landbruk var temaet – der statsråd Sylvi Listhaug m.fl. tok del. Dette vart eit vellukka arrangement. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. 2015-seminaret er under planlegging. Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Karin Årdal, Ola Gram og Mons-Olav Walgermo. Brynje Vethe, Åse P. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk. Frå kommunen er valde: Arild Aanes (ny leiar frå 2012) og Karl Johan Vaksvik.



**Oksvikstemne" ved turisthytta (1920-1930). Fotograf: Ukjend
Eigar: Geir Aure**

Ørskogkalenderen:

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekkje år gitt ut Ørskogkalenderen.

Ørskog historielag hadde i 2012 ansvaret for kalenderen for 2013.

Ørskog sparebank ville gje ut kalender for 2014 – dette vart ikkje realisert.

I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Alle husstandar har fått kalenderen for 2015. Vi vonar at vi i åra som ligg framføre, kan kome attende med kalender med gode Ørskogbilete. Takk så langt til velvillige sponsorar!

Rekneskap for året 2014: Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet.

Framover: Styret tek sikte på - snarast etter årsmøtet 4. mars 2015 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2015.

Pågåande oppgåver og drøftingar på årsmøtet vil leggje grunnlaget for komande årsplan.

Viktige prosjekt for vidare arbeid og prioritering vil m.a. vere – til drøfting på årsmøtet – vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene – for så å kome lengt mogeleg med realiseringa:

- ✓ Paktarhuset – drift og vedlikehald. Her er arbeidet i godt gjenge.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. Finne lokale!
- ✓ Restaurering av løa på Langskipsøya. Samarbeid med Storfjordens Venner! Kome vidare!
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart - demonstrasjonar?
- ✓ Kraftstasjonen – vedlikehaldsarbeid – årleg rydding – samarbeid med Ørskog Energi.
- ✓ Malmbana vedlikehald.
- ✓ Lokomobilten. Vedlikehald. Oppstart. Demonstrasjonar - på Ørskogdagane o.a.
- ✓ Deltaking/markeringar på Ørskogdagane.
- ✓ Årsskrift nr 25 – for år 2015. Innhald og arbeid.

- ✓ Ørskogkalender - halde fram samarbeidet med Ørskog Rotary. Kalender i 2016 også!
- ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkivering o.a.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid.
- ✓ Kyrkjebøkene – framhaldande arbeid med digitaliseringa.
- ✓ Kulturminnedagane 2015: 12.-20.sept. Tema: Nabolag – menneske – kulturminne – historie.
- ✓ Postvegen – vidare arbeid over Ørskogfjellet. Postvegmarsjen for 12. gong.
- ✓ Kveldseter med om lag seks arrangement pr år – viktig å halde på denne tradisjonen.
- ✓ Bygdevandringar – behovet/interessa for slike er klart til stades. Vi har meir å ta av!
- ✓ Småbedrifter i Ørskog – registreringsarbeid – jf. innslag i årsskriftet.
- ✓ Landingsvøren på Amdam – gjere noko? Ikkje noko så langt! Lenger fram i tid?
- ✓ Kvelvingsbrua over Svartløkelva – kome i gang/gjennomføre dette prosjektet.
- ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
- ✓ «Ørskog gjennom tidene» - kan vi kome i gang med oppdatering – eller?
- ✓ Kulturminneregistrering – m.a. frå krigen + generelt



Kvelvingsbrua over Svartløkelva. Foto 07.06.2000



Ørskog Historielag 2014 – med fokus på:

- ✓ Ørskog historielag med eit nytt og flott årsskrift – nr 24!
- ✓ Paktarhuset – utvikle huset til eit «minimuseum» m.m.- vedlikehald
- ✓ Utval og nemnder gjer eit jamt godt arbeid!
- ✓ Postvegen – det går framover! Innviing av ny parsell august 2014.
- ✓ Postvegmarsjen også dette året for 11. gong!
- ✓ Grunnlova 200 år – ØH medspelar på fleire arrangement + kveldsete.
- ✓ Vellukka bygdevandring Valgermo – Giskemo – Vallbøane.
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldseter. Kyrkjeterget er grei møtestad!
- ✓ Fotoregrering og arbeidet med kyrkjebøkene held fram!
- ✓ Kvelvingsbru Svartløkelva – eit steg vidare.
- ✓ Auke i medlemstalet.


Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2014.

Også denne gongen tek vi med eit gammalt ord som vi finn på laget si internettside:
"Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot."

For styret i Ørskog historielag år 2014.

Ragnar Bakken – skrivar –

historielaget årsmelding 2014



Grunnlovsjubileum 1814-2014 = 200 år

